



Reimund Borsholm
Heien 21
5037 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2840 - 15/32226

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.10.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 214/108 Fyllingsnes.

Kommunen viser til søknad mottatt 24.07.2015. Vi beklagar sein til bakemelding i saka.

Mottakskontroll

Kommunen er i utgangspunktet positiv til omsøkte tiltak, men ser at søknaden ikkje er tilstrekkeleg dokumentert når det gjeld følgjande:

- **Nabovarsel**
Kommunen vurderer at det er naudsynt at nabo på gbnr 214/120 vert varsla.
- **Kart og teikningar:**
Situasjonskartet må påførast ytre hovudmål og avstand til nabogrense.
Det må sendast inn teikning av snitt for nytt tilbygg påført takvinkel og etasjehøgde. Høgdeplassing må oppgjevast, t.d. i høve eksisterande bygg.
Det er ikkje samsvar mellom innsende teikningar og illustrasjonar. Kommunen legg teikningane til grunn ved handsaminga av saka.

Gjeldande plan sine bestemmelsar om takvinkel og etasjetal m.m. må følgjast, jf punkt 5 i vedlagte bestemmelsar for Storneset strandplanområde. Eit evt avvik frå bestemmelsane på desse punkta vil krevja dispensasjon.
- **Utnyttingsgrad**
Grad av utnytting må gjevast opp, jf skjema for opplysningar om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon. Dersom utnyttingsgrad går ut over kommuneplanen sine bestemmelsar for byggeområde for fritidsbustadar, dvs BRA inntil 120 m² og BYA inntil 20 %, vil tiltaket krevja dispensasjon på dette punktet.



Det er søkt om dispensasjon frå pbl § 1-8, byggjeforbodet i strandsona. Etter gjennomgang av søknaden ser administrasjonen at tiltaket ikkje vil vera i strid med denne bestemmelsen og følgjeleg ikkje krevja dispensasjon frå dette høvet.

Det er i søknaden oppgitt at det vert søkt om rammeløyve. Tiltakshavar søker om ansvarsrett. Søknad om rammeløyve er ein søknad i to trinn der det etter at rammeløyve er gjeve må søkjast om igangsetjing av tiltaket. Slik søknaden er framlagt synast det meir føremålstenleg å søkja om tiltak i eit trinn. Dersom søkjar likevel ønskjer at saka vert handsama i to trinn ber vi om at det vert gitt tilbakemelding om det.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.12.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedtekter Storneset strandplan

Mottakarar:

Reimund Borsholm

Heien 21

5037

BERGEN